



# Prop. 13 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2013 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 22. november 2013,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet leggjer i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2013.

### 2 Forslag om endringar

#### Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i Justis- og beredskapsdepartementet.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 400, post 01 med 1 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 430, post 01, jf. omtale under kap. 430.

For å sikre riktig postbruk vert det foreslått å auke løyvinga med 2,3 mill. kroner knytt til utgifter for konsulentar og utval under kap. 400, post 01 mot tilsvarende reduksjon under kap. 440, post 01.

##### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 400, post 01 med 1,3 mill. kroner.

#### Kap. 410 Tingrettane og lagmannsrettane

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar.

I samanheng med Stortingets vedtak i Innst. 275 L (2010–2011) om innføring av datalagringsdirektivet, vert løyvinga til domstolane auka med 12 mill. kroner til ei vaktordning ved Oslo tingrett. Tidspunktet for når lova trer i kraft er utsett.

På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 410, post 01 med 12 mill. kroner.

##### *Post 21 Særskilde driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkludert i rettsgebyret, jf. kap. 3410. Dette er m.a. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentlig bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar og rettsvitne dekte. Løyvinga dekker også arbeidsgjevaravgift av godtgjering til meddommarar og tolkar i sivile saker kor partane sjølv dekker godtgjeringa.

I samanheng med at det lovbestemte kravet om kunngjering blei fjerna, er halvårsverknaden av innsparinga på 26,5 mill. kroner. På grunn av

etterslep av fakturering for kunngjeringane, vert innsparing for 2013 mindre enn forventa.

På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga med 5,9 mill. kroner.

Det vert foreslått ei delvis inndekning gjennom ei nedjustering av kap. 460, post 01 med 0,2 mill. kroner, kap. 468, post 01 med 1,3 mill. kroner, kap. 470, post 72 med 0,5 mill. kroner, kap. 472, post 01 med 1 mill. kroner, kap. 473, post 01 med 1,1 mill. kroner og kap. 474, post 01 med 0,5 mill. kroner. I sum vert det foreslått ei inndekning på 4,6 mill. kroner.

### **Kap. 3410 Rettsgebyr**

#### *Post 01 Rettsgebyr*

På posten vert det ført inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med sivile saker, tinglysing, skjønn, tvangsforretning, skifte, konkurs m.m.

I Prop. 1 S (2012–2013) blei det foreslått å gebyrlegge notarialforretningar inkl. vigslar i domstolane og oppbevaring av testament i domstolane frå 1. april 2013. Løyvinga under kap. 3410, post 01 blei derfor auka med 20,6 mill. kroner i Saldert budsjett 2013.

Forseinkingar med lovarbeidet gjorde at lova trådde i kraft først frå 1. juli 2013. Som eit resultat av utsetjinga og noko høgare gebyrsatsar i det endelege lovforslaget i Prop. 148 L (2012–2013) blei løyvinga redusert med 2 mill. kroner i revdert nasjonalbudsjett 2013.

I samanheng med Stortingets behandling av Prop. 148 L blei det avgjort at vigslar likevel ikkje skal gebyrleggast. Dette fører til ein årleg inntektsreduksjon på 12 mill. kroner (Prop. 148 L). Halvårsverknaden er 6 mill. kroner. Rekneskapstala viser i tillegg ein nedgang i inntektene som det også må takast høgde for.

Det vert på denne bakgrunnen foreslått å nedjustere løyvinga med 24 mill. kroner.

### **Kap. 413 Jordskiftedomstolane**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker faste og variable lønnsutgifter.

Løyvinga vert foreslått auka med 3 mill. kroner, til kjøp av teknisk utstyr til jordskiftedomstolane.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, kan overførast*

Jordskifteretten har heimel til å kreve inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det

tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene vert førd i eigne saksrekneskap, og utgifter og inntekter skal vere i balanse når saka er fullstendig. Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarande utgifter over kap. 3413, post 02.

På bakgrunn av rekneskapstal vert løyvinga under kap. 3413, post 02 foreslått auka med 3 mill. kroner. Kap. 413, post 21 vert følgeleg foreslått auka med tilsvarande sum.

### **Kap. 3413 Jordskiftedomstolane**

#### *Post 01 Saks- og gebyrinntekter*

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

I samanheng med overgang til eit felles rekneskapssystem, er det inntektsført 6 mill. kroner ekstra som jordskiftedomstolane har hatt som reserve tidlegare. Følgeleg vert løyvinga foreslått auka med 6 mill. kroner.

#### *Post 02 Sideutgifter*

Løyvinga på posten er knytt til tilsvarande utgifter under kap. 413, post 21.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert løyvinga under kap. 3413, post 02 foreslått auka med 3 mill. kroner.

### **Kap. 430 Sentralforvaltninga for kriminalomsorga**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker ordinære driftsutgifter i kriminalomsorga.

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03. Inntektene under kap. 3430, post 03 er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2013. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 og kap. 3430, post 03 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 03.

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 04. Inntektene under kap. 3430, post 04 er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2013. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 og kap. 3430, post 04 med 0,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3430, post 04.

Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) vart skild ut frå Justis- og beredskapsdepartementet i juni 2013. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2013 vart det følgjeleg overført 20 årsverk til direktoratet. Seinare er det bestemt at tre årsverk i tillegg skal overførast KDI.

Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 1 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon under kap. 400, post 01, jf. omtale under kap. 400.

#### *Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 430, post 01 med 3,6 mill. kroner.

#### *Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., kan overførast*

Løyvinga dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslatne frå forvaring og varetektssurrogat. I 2013 er det venta ein reduksjon i utgiftene under kap. 430, post 60. Årsaka er i hovudsak at kriminalomsorga rekna med at forvaring vart forlenga for nokre personar slik at dei framleis ville kome inn under refusjonsordninga, mens retten valde å ikkje forlenge forvaringa. Dette førte til lågare utbetaling enn berekna. I tillegg fant ikkje retten å ville lauslate frå fengsel der kriminalomsorga hadde rekna med dette. Dette har også ført til redusert forbruk på posten.

Det vert derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 60 med 36 mill. kroner.

#### **Kap. 3430 Sentralforvaltninga for kriminalomsorga**

##### *Post 03 Andre inntekter*

Løyvinga dekkjer mellom anna leigeinntekter for teneste- og leigebustadar, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt. Inntektene på posten er venta å verte høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2013. Dette skuldast mellom anna større eingongstilskot frå andre offentlege verksemder, mellom anna frå Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) (kompetansemidlar).

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 3430, post 03 med 2 mill. kroner

mot ein tilsvarende auke i løyvinga under kap. 430, post 01, jf. omtale under kap. 430, post 01.

##### *Post 04 Tilskot*

Løyvinga dekkjer tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS finansieringsmekanismene.

Tilskot til samarbeid med EØS er venta å bli høgare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2013. Prosjektmidlar blir gjort tilgjengeleg for kriminalomsorga etterskotsvis etter innsendt dokumentasjon av utgifter. Utbetalingane i 2013 er venta å bli 2,7 mill. kroner.

Det vert derfor foreslått å auke løyvingane under kap. 3430, post 04 og kap. 430, post 01 med 0,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 430, post 01.

#### **Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten**

##### *Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441, post 01*

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter ved Politidirektoratet, politidistrikta (ikkje Oslo politidistrikt), politireserven og politiet sine særorgan (ikkje Politihøgskulen).

##### *Omdisponeringar*

Det vert foreslått å redusere løyvinga med 2,3 mill. kroner knytt til utgifter for konsulentar og utval, jf. omtale under kap. 400, post 01.

I samband med felleskostnadar for politiet vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 32,7 mill. kroner, mot ein reduksjon under kap. 441, post 01 på 31,9 mill. kroner og ein reduksjon under kap. 442, post 01 på 0,8 mill. kroner.

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 1,4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 441, post 01, jf. omtale under kap. 441, post 01.

##### *Fleire uttransporteringar*

Regjeringa vil styrke returarbeidet og auke innsatsen for retur av kriminelle utlendingar. For å kunne auke talet på uttransporteringar av utlendingar utan lovleg opphald med ytterlegare 700, vert det foreslått å auke løyvinga til saman 16,1 mill. kroner, av dette 3,1 mill. kroner under kap. 440, post 01. Sjå òg omtale under kap. 440, post 21 og kap. 490, post 72.

*Registrering av asylsøkjjarar*

Politiets Utlendingseinig må auke innsatsen på registrering når det kjem fleire asylsøkjjarar. Prognosane syner at det vil kome 2 000 fleire asylsøkjjarar i 2013 enn tidlegare lagt til grunn. Justis- og beredskapsdepartementet foreslår derfor å auke løyvinga med til saman 8,6 mill. kroner, av dette 4,9 mill. kroner under kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 21.

*Parallelljusteringar**Salsinntekter*

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 03. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2013 vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 18,6 mill. kroner.

*Gebyr- vaktelskap*

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 04. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling i 2013, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 01 med 9,2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 441, post 01 og kap. 3440, post 04.

*Gebyr – utlendingssaker*

Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 06. Som følgje av redusert gebyr og sakstilgang, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 440, post 01 med 3,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 06.

*Oppsummering*

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 45,6 mill. kroner.

*Post 21 Særskilde driftsutgifter**Uttransporteringar*

Løyvinga dekker sideutgifter som politi- og lensmannsetaten har i samband med asylsaker, under dette utgifter til uttransportering i asylsaker og

andre utlendingssaker. Måлтаlet for uttransporteringar med tvang var 4 700 i saldert budsjett 2013. Etter ei tilleggsløyving i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013 vart måлтаlet auka med 400, til 5 100. Regjeringa foreslår å auke måлтаlet med ytterlegare 700 i 2013, til 5 800. Det vert foreslått å auke løyvinga med til saman 16,1 mill. kroner, av dette 13 mill. kroner under kap. 440, post 21, jf. tilsvarende reduksjon under kap. 490, post 72. Sjå også omtale under kap. 440, post 01 og kap. 490, post 72.

*Registrering av asylsøkjjarar*

Politiet må auke innsatsen på registrering når det kjem fleire asylsøkjjarar, jf. omtale under post 01. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga med til saman 8,6 mill. kroner, av dette 3,7 mill. kroner under kap. 440, post 21. Sjå også omtale under kap. 440, post 01.

*Soningsoverføringar*

Regjeringa vil styrke innsatsen for soningsoverføring og retur av kriminelle utlendingar. Regjeringa foreslår å avsette midlar til å finansiere heimtransport av 15 innsette slik at dei kan halde fram med soning i heimlandet (soningsoverføring). Det vert derfor foreslått å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner.

*Oppsummering*

Samla vert løyvinga under kap. 440, post 21 foreslått auka med 17,2 mill. kroner.

*Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag, kan overførast*

Løyvinga dekker utgifter til søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag. Løyvinga på posten dekker også nokre personellutgifter og eventuelle utgifter til å betre søkjemetodane.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 22 med 1,9 mill. kroner.

*Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjeremål*

Løyvinga dekker sideutgifter i samband med dei sivile gjeremåla. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 440, post 23 med 7 mill. kroner.

**Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten***Post 03 Salsinntekter*

Løyvinga dekker inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. Justis- og beredskapsdepartementet har fått fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 03. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3440, post 03 med 18,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

*Post 04 Gebyr – vakselskap*

Løyvinga dekker eingongsgebyr til dekking av utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmer der politi- og lensmannsetaten rykkjer ut. Posten dekker også gebyr for Oslo politidistrikt. Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 04. På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 04 med 9,2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

*Post 06 Gebyr – utlendingssaker*

Løyvinga dekker gebyr i samband med søknader om statsborgarskap, familieinnvandring og løyve for arbeid, busetting og utdanning. Som følge av redusert gebyr og sakstilgang, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3440, post 06 med 3,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 440, post 01.

**Kap. 441 Oslo politidistrikt***Post 01 Driftsutgifter**Omdisponeringar*

Løyvinga dekker alle ordinære driftsutgifter ved Oslo politidistrikt. På bakgrunn av forslag om å redusere løyvinga under kap. 3440, post 04, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 441, post 01 med 1,4 mill. kroner mot tilsvarende auke av løyvinga under kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 01 og kap. 3440, post 04.

Det vert foreslått å overføre 31,9 mill. kroner frå kap. 441, post 01 til kap. 440, post 01 knytt til felleskostnadar for politiet.

*Oppsummering*

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 441, post 01 med 33,3 mill. kroner.

*Bestillingsfullmakt*

Oslo politidistrikt har fått midlar til ulike anskaffingar for køyretøy, helikopterutstyr og spesialutstyr i 2013. For at Oslo politidistrikt skal kunne foreta bestillinger av nytt materiell som kjem til utbetaling neste år vert det foreslått ei bestillingsfullmakt på 25 mill. kroner under kap. 441, post 01, jf. forslag til vedtak.

**Kap. 442 Politihøgskulen***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskulen.

På bakgrunn av endra inntektsanslag under kap. 3442, post 03, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 442, post 01 med 5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3442, post 03.

Vidare vert det foreslått å overføre 0,8 mill. kroner frå kap. 442, post 01 til kap. 440, post 01 knytt til felleskostnadar for politiet.

Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 442, post 01 med 4,2 mill. kroner.

**Kap. 3442 Politihøgskulen***Post 03 Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingssenter*

Løyvinga dekker inntekter frå drifta av Justissektorens kurs- og øvingssenter i Stavern. På bakgrunn av endra inntektsanslag vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 3442, post 03 med 5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 442, post 01.

**Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap***Post 21 Særskilte driftsutgifter, kan overførast.*

DSB administrerer helikopterberedskapen for skogbrann i Noreg. Løyvinga dekker kostnadane tilknytte flytimar. Vidare dekker posten tilskot til SINTEF/Norges brannlaboratorium.

Skogbrannane i Noreg har medført meirutgifter på 0,5 mill. kroner som følge av meir omfattande bruk av skogbrannhelikopter enn venta. Det

vert derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 451, post 21 med 0,5 mill. kroner.

### Kap. 455 Redningstenesta

#### *Post 21 Redningsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til å engasjere private selskap, til dømes helikopterselskap, og frivillige redningsorganisasjonar i det enkelte redningstilfellet, refusjon til frivillige hjelparar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell mv. Forbruket på posten er vanskeleg å anslå. Utgiftene varierer med mengde og omfang av redningsaksjonar. Det har m.a. vore ei generell auke i talet på hendingar.

Rekneskapstal hausten 2013 visar at det har vore eit vesentleg meirforbruk på posten i siste halvår 2013. Dette skuldast at hendingane har kravd større bruk av sivile helikopter- og flyresursar enn før. På denne bakgrunn vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 455, post 21 med 5 mill. kroner.

#### *Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast*

Løyvinga dekker diverse investeringar til Hovudredningssentralen, og enkelte investeringar knytt til COSPAS-SARSAT. Løyvinga dekker også investeringar i redningshelikoptertenesta. Investeringane under posten er ein føresetnad for å ivareta dei nasjonale og internasjonale forplikingane i redningstenesta.

Stortinget samtykka i desember 2011 å gå til kjøp av 16 nye redningshelikopter med tilhøyrande reservedelar, utstyr- og treningspakkar, jf. Prop. 146 S (2010–2011) *innkjøp av nye redningshelikoptre mv. i perioden 2013–2020*, jf. Innst. 82 S (2010–2011). Dette er ei stor og viktig investering i redning og beredskap i Noreg, og vil på vesentlege område betre redningshelikoptertenesta si evne til å løyse samfunnsoppgåver som søk, redning, luftambulans og andre viktige oppgåver. Kostnadsramma for dette og tilknytte anskaffingar i infrastruktur er inntil 16,8 mrd. målt i 2011-kroner.

Regjeringa har vedteke å innleie sluttforhandlingar med selskapet AgustaWestland Ltd. om levering av nye redningshelikoptre til erstatning for Sea King-helikopter i redningstenesta i dag. Det er eit mål å inngå kontrakt innan utgangen av 2013.

Justis- og beredskapsdepartementet vil utarbeide forslag til ny styrings- og kostnadsramme som skal gjennom ei ekstern kavlitetssikring

(KS 2) som må bli forenkla av den grunn at det føreligg ein undertekna kontrakt. Regjeringa vil koma attende til Stortinget med forslag om redusert kostnadsramme i lys av ny informasjon etter gjennomført konkurrane.

I budsjettet for 2013 er det tatt høgde for utbetaling i samband med inngåing av kontrakt om nye redningshelikopter i samsvar med vanlig prosedyre i slike avtalar. Løyvinga er lagt til kapittel 2309 tilfeldig utgifter grunna forhandlingane.

På bakgrunn av oppdaterte anslag på utbetalningar knytt til inngåing av kontrakt vert løyvinga på kap. 455, post 45 foreslått auka med 939 mill. kroner. Løyvinga på kapittel 2309 vert foreslått redusert i samsvar med oppdatert anslag.

#### *Post 71 Tilskot til frivillige organisasjonar i redningstenesta*

Løyvinga dekker tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta.

I Prop. 77 S (2012–2013), jf. Innst. 448 S (2012–2013) vart dei frivillige organisasjonane tatt opp som brukarar i Naudnett, og får dekt sine kostnader knytt til Naudnett.

Kjøpet av radioterminalar til dei frivillige organisasjonane i Naudnett i 2013 er avslutta, men det er ikkje forventa at faktura vil forfalle til betaling i 2013, jf. nærmare omtale under kap. 456. På denne bakgrunn vert det foreslått at løyvinga under kap. 455, post 71 blir redusert med 3,246 mill. kroner.

#### *Post 72 Tilskot til nød- og sikkerheitstenesta*

Løyvinga dekker mellom anna tilskot til Telenor for den samfunnsplagde tenesta som Telenor utfører i samheng med Kystradioen si naud- og sikkerheitsteneste.

Det er venta eit mindreforbruk på 1,3 mill. kroner på posten. På denne bakgrunn vert det foreslått redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner.

### Kap. 456 Direktoratet for naudkommunikasjon

Investeringa i nytt digitalt radiosamband over heile landet er ei stor satsing på samfunnstryggleik. Det nye naudnettet gir betre kommunikasjon internt i politiet, brannvesen og helsevesen og mellom naudetatane. Dette gir dermed raskare og betre koordinert hjelp til publikum ved ulykker og kriser. Ved å skifte ut gammalt utstyr og nyttiggjere moglegheitane i ny teknologi, vert naudetatane si daglege operative verksemd styrka.

Naudnett trinn 1 er ferdig utbygd og i full drift. DNK betaler driftskostnader til leverandøren og kundane vert fakturerte for abonnementskostnader i tråd med inngåtte avtaler. Utbygginga i resten av landet (trinn 2) er i full i gang og Naudnett tas i bruk i fyrste del av trinn 2, dvs. politidistrikt Hedmark, Vestoppland og Gudbrandsdalen i år. Politiet har, med unntak av dei nordlege fylka kor denne delen av leveransen blir tatt i bruk i 2014, tatt i bruk kommunikasjonssentralane sine i Naudnettleveransen.

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekkjer staten sine kostnader knytt til drift av DNK og staten sine plikter som følgje av utbygging og drift av Naudnett. Som følge av Stortinget sitt vedtak om landsdekkande Naudnett omfattar løyvinga m.a. kostnader til prosjektering i direktoratet knytt til trinn 2, driftskostnader for innføringsprosjekt brann, tilleggselement innan brann og helse og drift av nettet i trinn 2 i utbyggingsperioden. Kostnader til drift av Naudnett inkluderer kostnader til leige av datalinjer og innplassering av nytt utstyr i eksisterande basestasjonar.

Når det gjeld utbygging av basestasjonar, har progresjonen i fyrste del av trinn 2 vore noko lågare enn planlagt, noko som har ført til at ein skilde betalingstidspunkt har blitt utsett. Leverandøren meiner at målet om å vere ferdig innan utgangen av 2015 er realistisk og oppnåeleg, og har ikkje varsla DNK om forseinka sluttdato. Utbygginga vert følgd nøye opp av DNK og departementet. DNK opplyser at dei betalingstidspunkta i kontrakten som ikkje vert nådd i fjerde kvartal 2013 som budsjettet, vil forfalle til betaling i 2014.

Forslag om redusert løyving medfører ikkje endringar i kostnadsramma på 4 700 mill. kroner, der styringsramma utgjer 3 950 mill. kroner (2010).

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 456, post 01 med totalt 25,183 mill. kroner som ein konsekvens av usikkerheit rundt utbetalingstidspunkt. Av dette er 5 mill. kroner knytt til driftskostnadane for Naudnett trinn 2. 20 mill. kroner er knytt til lågare utgifter til upårekna forhold enn lagt til grunn i Gul bok 2013.

#### *Post 45 Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast.*

Løyvinga dekkjer staten sine utgifter knytt til investering i radionett og utstyr til naudetatane

sine kommunikasjonssentralar- og terminalar i 2013. Det er vidare sett av midlar til støtte til naudetatane sine innføringsprosjekt.

Justis- og beredskapsdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 456, post 45 med totalt 295 mill. kroner i 2013. Av dette er 65 mill. kroner knytt til at leverandøren ikkje når alle planlagde betalingstidspunkt, jf. kap. 456, post 01. 50 mill. kroner er knytt til forseinka ferdigstilling av basestasjonar. Vidare er 5 mill. kroner knytt til utsett kjøp av kommunikasjonssentral til HRS til 2014 og 5 mill. kroner er knytt til at kjøpet av radioterminalar til dei frivillige organisasjonane i Naudnett i 2013 er avslutta, men at det ikkje er forventat at faktura vil forfalle til betaling i 2013. Løyvinga vert og foreslått redusert med 170 mill. kroner som følge av mindre bruk av forventat tillegg enn lagt til grunn i budsjettet.

### **Kap. 3456 Direktoratet for naudkommunikasjon**

#### *Post 01 Brukarbetaling*

Løyvinga dekkjer brukarbetaling knytt til utgifter til drift av Naudnett.

Som følge av forsinka innføring av frivillige organisasjonar i Naudnett vert det foreslått at løyvinga på kap. 3456, post 01 vert redusert med 3,1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 456, post 01.

#### *Post 02 Variable refusjonar*

Løyvinga dekkjer refusjonar frå brukarar av Naudnett i samband med at DNK har variable drifts- og utbyggingsutgifter som vert initiert av brukarane.

Som følge av forsinka innføring av frivillige organisasjonar i Naudnett vert løyvinga på kap. 3456, post 02 foreslått redusert med 0,2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 456, post 01.

### **Kap. 460 Spesialeininga for politisaker**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekkjer driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker.

Det vert foreslått å redusere kap. 460, post 01 med 200 000 kroner mot ei lik oppjustering av kap. 410, post 21, jf. postomtale under kap. 410.

**Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjering til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnd av retten i den einskilde saka eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Løyvinga dekker òg tapt arbeidsforteneste til tolkar og sakkunnige som ikkje har krav på salær i straffesaker. Løyvinga dekker vidare visse utgifter til Den rettsmedisinske kommisjon, som honorar/godtgjering og reise- og kursutgifter. Løyvinga dekker dessutan salær og reise- og opphaldsutgifter til aktor i militære straffesaker, visse utgifter i sivile saker og utgifter i Justis- og beredskapsdepartementet til omsetting i rettsoppmodings- og utleveringssaker.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 47 mill. kroner

**Kap. 467 Norsk Lovtidend***Post 01 Driftsutgifter*

Norsk Lovtidend inneheld kunngjeringar av lover, forskrifter og ein del andre vedtak. Løyvinga på posten dekker utgifter til tilverking av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 467, post 01 med 1 mill. kroner.

**Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker godtgjersle til kommisjonens medlemmer og anna godtgjersle, lønn til medarbeidarane til sekretariatet samt andre driftsutgifter knytt til sekretariatet til kommisjonen.

Det vert foreslått å redusere kap. 468, post 01 med 1,3 mill. kroner mot ei lik oppjustering av kap. 410, post 21, jf. omtale under kap. 410.

**Kap. 470 Fri rettshjelp***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakføring. Grunna ordninga sin karakter er det vanskeleg å vurdere utgiftene.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 01 med 2 mill. kroner.

*Post 70 Fri sakførsle*

Løyvinga dekker utgifter til advokat m.m. i saker der det er gitt heil eller delvis fri sakførsle.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 70 med 38 mill. kroner.

*Post 71 Fritt rettsråd*

Løyvinga dekker utgifter til advokatar og rettshjelparar i saker der det er gitt fritt rettsråd.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 470, post 71 med 13,5 mill. kroner.

*Post 72 Tilskot til særskilde rettshjelpstiltak*

Løyvinga dekker primært tilskot til rettshjelpsverksemd.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 470, post 72 med 0,5 mill. kroner mot ei lik oppjustering av kap. 410, post 01, jf. postomtale under kap. 410.

**Kap. 3470 Fri Rettshjelp***Post 01 Tilkjende sakskostnader m.m.*

Sakskostnader tilkjend staten i benefiserte saker vert førd under denne posten.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å nedjustere løyvinga under kap. 3470, post 01 med 2 mill. kroner.

**Kap. 471 Statens erstatningsansvar***Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving*

Utbetalningar som følger av at staten er erstatningsansvarleg etter dei alminnelege erstatningsreglane eller har inngått forlik utan å vedgå ansvar, vert belasta denne posten. Løyvinga dekker ikkje utbetalningar som følger av staten sitt ansvar i kontrakttilhøve og ansvar i samband med staten si forretningsdrift.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 471, post 71 med 55 mill. kroner.



**Kap. 472 Valdsoffererstatning og rådgiving til offer for kriminalitet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker driftsutgifter til Kontoret for valdsoffererstatning og Rådgivingskontora for offer for kriminalitet.

Det vert foreslått å redusere kap. 472, post 01 med 1 mill. kroner mot ei lik oppjustering av kap. 410, post 21, jf. omtale under kap. 410.

*Post 70 Erstatning til offer for vald, overslagsløyving*

Løyvinga er ei regelstyrd overslagsløyving og skal gå til erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova, m.a. sakskostnader i samband med søknaden og klagebehandlinga.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 472, post 70 med 178 mill. kroner.

**Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til Statens sivilrettsforvaltning og godtgjersle, reise- og kursutgifter til medlemmer av utvala for rettfærdsvederlag og Erstatningsnemnda for valdsoffer, samt driftsutgifter til Den rettsmedisinske kommisjon.

Det vert foreslått å redusere kap. 473, post 01 med 1,1 mill. kroner mot ei lik oppjustering av kap. 410, post 21, jf. omtale under kap. 410.

Det vert foreslått å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, jf. postomtale under kap. 3473, post 01.

Samla vert det foreslått å redusere kap. 473, post 01 med 0,9 mill. kroner.

**Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning***Post 01 Diverse inntekter*

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgifter som Den rettsmedisinske kommisjon har i samband med kurs og eventuelle andre inntekter.

Det vert foreslått å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 473, post 01.

**Kap. 474 Konfliktråd***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker drifta av 22 konfliktråd og Sekretariatet for konfliktråda.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 474, post 01 med 0,5 mill. kroner mot ei lik oppjustering av kap. 410, post 21, jf. omtale under kap. 410.

Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 474, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3474, post 02. Kap. 3474, post 02 er foreslått redusert med 2,1 mill. kroner, forslaget for kap. 474, post 01 vil derfor vere tilsvarende.

I sum vert det foreslått å redusere kap. 474, post 01 med 2,6 mill. kroner.

**Kap. 3474 Konfliktråd***Post 02 Refusjonar*

Inntekter på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene til konfliktråda i samband med kurs og konferansar.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3474, post 02 med 2,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 474, post 01.

**Kap. 475 Bubehandling***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker staten sine regelstyrte utgifter i samband med behandling av saker om tvangsoppløysing av aksjeselskap og saker om konkurs etter konkurslova § 73.

På bakgrunn av rekneskapstal og venta utvikling, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 475, post 01 med 12 mill. kroner.

**Kap. 490 Utlendingsdirektoratet***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga dekker utgifter til drift av Utlendingsdirektoratet (UDI).

UDI sine oppgåver med uttak av overføringsflyktningar er mellom anna knytt til å førebu og gjennomføre uttakskommisjonar (tilsette reiser til opphaldsland), intervju av flyktningane, saksarbeid og vedtaksfatning, og dessutan samarbeid med International Organization for Migration (IOM) i samband med flyktningane si reise til Noreg. På bakgrunn av den stadig meir dramatiske situasjonen i Syria, og dei særskilte vanskelege forholda for flyktningar frå Syria og for nabolanda, vert det foreslått ein tilleggskvote på 500 plassar for flyktningar frå Syria som er anerkjente som

flyktningar av UNHCR, jf. Prop. 1 S Tillegg nr. 1 (2013–2014). Det vil også vere for rom å prioritere fleire flyktningar frå Syria innafor den totale mengda overføringsflyktningar i 2014.

Det er ønskeleg at uttaket kan skje så raskt som mogleg, og at arbeidet derfor vert sett i gang i 2013. UNHCR vil ha problem med å fremje saker tidleg nok til at heile prosessen vert gjort ferdig i 2013.

UDI vil bli påført betydeleg administrativt meirarbeid som følge av tilleggsuttaket. Det vert derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 01 med 3,9 mill. kroner i 2013 slik at UDI kan setje i gang arbeidet med tilleggsuttaket.

#### *Post 21 Særskilde driftsutgifter, statlege mottak*

Løyvinga dekker staten sine utgifter til drift av statlege mottak for asylsøkjjarar.

Som følge av lågare driftskostnader ved ordinære mottaksplassar og høgare utnytting av kapasiteten enn det som er lagt til grunn for 2013, er det forventa eit mindreforbruk under kap. 490, post 21. Mindreutgiftene som følger av dette, vert anslått til 108 mill. kroner.

Gjeldande løyving er basert på eit gjennomsnittleg belegg i mottak på 15 900, blant desse 330 einslege mindreårige, jf. Prop. 149 S (2012–2013). Nyare prognoser viser at gjennomsnittleg belegg i mottak er venta å verte 16 270, blant desse 310 einslege mindreårige. Meirutgiftene som følger av dette knytt til drift av asylmottak, vert anslått til 29,1 mill. kroner.

Samla vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 21 med 78,9 mill. kroner.

#### *Post 22 Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting*

Løyvinga dekker utgiftene UDI har til tolking og omsetting i samband med handsaminga av asylsaker.

UDI har ikkje kapasitet til å handsame alle innkomne asylsaker i 2013. Det har også vore noko lågare gjennomsnittlege utgifter per intervju enn forventa. Som følge av dette vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 22 med 4 mill. kroner.

#### *Post 60 Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar*

Løyvinga dekker kommunane sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak.

Det er forventa eit meirforbruk under posten som følge av fleire bebuarar i mottak. Det vert

foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 60 med 0,6 mill. kroner.

#### *Post 70 Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak*

Løyvinga dekker utgifter til økonomiske ytingar til asylsøkjjarar og flyktningar i tida dei oppheld seg i mottak. Satsane for økonomiske ytingar er differensierte på bakgrunn av søknadsstatus, familie-status o.a.

Som omtalt under kap. 490, post 21 vert det gjennomsnittlege talet på bebuarar i mottak i 2013 høgare enn det som tidlegare har vore lagt til grunn. Det gir eit venta meirforbruk på om lag 11,8 mill. kroner. På den andre sida er det lågare gjennomsnittlege kostnader per bebuar enn lagt til grunn, hovudsakleg som følge av endra samansetning av bebuarar i mottak. Dette gir eit venta mindreforbruk på 2,4 mill. kroner. Samla vert det foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 70 med 9,4 mill. kroner.

#### *Post 72 Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, kan overførast*

Løyvinga dekker både individuell økonomisk støtte ved tilbakevending, og tilskot til prosjekt som støttar opp under retur og tilbakevending.

Det har så langt i 2013 vorte brukt mindre midlar under post 72 enn venta. Dette skuldast blant anna at færre har nytta seg av tilbodet om assistert frivillig retur enn tidlegare lagt til grunn.

Det vert foreslått å redusere løyvinga under kap. 490, post 72 med 16,1 mill. kroner, mot å auke løyvinga under kap. 440, post 01 med 3,1 mill. kroner og kap. 440, post 21 med 13 mill. kroner for å auke talet på uttransporteringar, jf. omtale under kap. 440, post 01 og 21.

#### *Post 73 Vern til flyktningar utanfor Noreg mv, støttetiltak, kan nyttast under kap. 821, post 60*

Løyvinga dekker støttetiltak i samband med UNHCR og eventuelt andre organisasjonar sitt arbeid med gjenbusetting av flyktningar.

Høgkommissæren for flyktningar (UNHCR) sitt arbeid knytt til uttak av overføringsflyktningane er blant anna knytt til identifisering av saker, registrering, intervju, asylvurdering, førebu søknader om gjenbusetting etc. Uttak av 500 ekstra overføringsflyktningar vil medføre betydeleg meirarbeid for UNHCR.

Det vert foreslått å auke løyvinga under kap. 490, post 73 med 3,6 mill. kroner for å understøtte

UNHCR sitt arbeid med uttaket i dei aktuelle landa.

### **Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet**

*Post 01 Retur av asylsøklarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Løyvinga dekker inntekter i samband med at nokre av utgiftene som er knytt til retur og tilbakevending for flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om reduksjon i løyvinga under kap. 490, post 72, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 01 med 16,1 mill. kroner.

*Post 04 Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter*

Løyvinga dekker inntekter i samband med at nokre av utgiftene som er knytt til mottak for asylsøklarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av at talet på asylsøklarar som har budd meir enn eitt år i mottak har auka, og endringar i løyvinga under kap. 490, post 21, post 60 og post 70, vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 3490, post 04 med 138,8 mill. kroner.

*Post 06 Gjenbusetting av flyktningar – støttetiltak, ODA-godkjende utgifter*

Løyvinga dekker inntekter i samband med at nokre av dei innanlandske utgiftene knytt til gjenbusetting av flyktningar i samsvar med OECD/DAC sitt statistikkdirektiv kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp.

Jf. omtale under kap. 490, post 73 vert det foreslått ein auke av inntektene under kap. 3490, post 06 med 3,6 mill. kroner.

### **Kap. 491 Utlendingsnemnda**

*Post 21 Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling*

Løyvinga dekker utgifter knytt til handsaming av saker i nemndmøte, og er særleg avhengig av talet på asylsøklarar og kor stor del av sakene som vert handsama i nemndmøte.

På grunn av lågare utgifter til nemndhandsamingar enn tidlegare lagt til grunn, er det venta eit mindreforbruk på 2 mill. kroner under kap. 491, post 21. På denne bakgrunn vert det foreslått å redusere løyvinga under kap. 491, post 21 med 2 mill. kroner.

Justis- og beredskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2013 under Justis- og beredskapsdepartementet.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2013 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2013 under Justis- og beredskapsdepartementet

#### I

I statsbudsjettet for 2013 blir det gjort følgende endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 385 693 000 til kr 386 993 000	1 300 000
410		Tingrettane og lagmannsrettane	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med .....	12 000 000
		frå kr 1 715 564 000 til kr 1 703 564 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, vert auka med .....	5 900 000
		frå kr 43 794 000 til kr 49 694 000	
413		Jordskiftedomstolane	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	3 000 000
		frå kr 216 419 000 til kr 219 419 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, kan overførast, vert auka med .....	3 000 000
		frå kr 9 979 000 til kr 12 979 000	
430		Sentralforvaltninga for kriminalomsorga	
	01	Driftsutgifter, vert auka med.....	3 600 000
		frå kr 3 574 286 000 til kr 3 577 886 000	
	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., kan overførast, vert redusert med .....	36 000 000
		frå kr 102 304 000 til kr 66 304 000	
440		Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441 post 01, vert auka med .....	45 600 000
		frå kr 10 581 864 000 til kr 10 627 464 000	
	21	Særskilde driftsutgifter, vert auka med .....	17 200 000
		frå kr 210 370 000 til kr 227 570 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøar og vassdrag, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 7 595 000 til kr 9 495 000	1 900 000
	23	Sideutgifter i samband med sivile gjeremål, vert auka med ..... frå kr 74 533 000 til kr 81 533 000	7 000 000
441		Oslo politidistrikt	
	01	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440 post 01, vert redusert med..... frå kr 2 074 587 000 til kr 2 041 287 000	33 300 000
442		Politihøgskulen	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 554 059 000 til kr 558 259 000	4 200 000
451		Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap	
	21	Særskilde driftsutgifter, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 4 833 000 til kr 5 333 000	500 000
455		Redningstenesta	
	21	Særskilde driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 17 413 000 til kr 22 413 000	5 000 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, vert auka med ..... frå kr 356 800 000 til kr 1 295 800 000	939 000 000
	71	Tilskot til frivillege organisasjonar i redningstenesta, vert redusert med. frå kr 23 110 000 til kr 19 864 000	3 246 000
	72	Tilskot til naud- og sikkerhetstenesta, vert redusert med ..... frå kr 95 334 000 til kr 94 034 000	1 300 000
456		Direktoratet for naudkommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 341 119 000 til kr 315 936 000	25 183 000
	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald, kan overførast, vert redusert med. frå kr 900 137 000 til kr 605 137 000	295 000 000
460		Spesialeininga for politisaker	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 39 753 000 til kr 39 553 000	200 000
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, vert auka med ..... frå kr 989 411 000 til kr 1 036 411 000	47 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
467		Norsk Lovtidend	
	01	Driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 3 324 000 til kr 4 324 000	1 000 000
468		Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 15 045 000 til kr 13 745 000	1 300 000
470		Fri rettshjelp	
	01	Driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 7 532 000 til kr 9 532 000	2 000 000
	70	Fri sakførsel, vert auka med ..... frå kr 517 059 000 til kr 555 059 000	38 000 000
	71	Fritt rettsråd, vert redusert med ..... frå kr 158 545 000 til kr 145 045 000	13 500 000
	72	Tilskot til særskilde rettshjelptiltak, vert redusert med ..... frå kr 31 031 000 til kr 30 531 000	500 000
471		Staten sitt erstatningsansvar	
	71	Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving, vert redusert med..... frå kr 117 599 000 til kr 62 599 000	55 000 000
472		Valdsoffererstatning og rådgiving til offer for kriminalitet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 43 695 000 til kr 42 695 000	1 000 000
	70	Erstatning til offer for vald, overslagsløyving, vert auka med..... frå kr 388 902 000 til kr 566 902 000	178 000 000
473		Statens sivilrettsforvaltning	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 40 712 000 til kr 39 812 000	900 000
474		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 78 166 000 til kr 75 566 000	2 600 000
475		Bubehandling	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 74 459 000 til kr 62 459 000	12 000 000
490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med..... frå kr 809 382 000 til kr 813 282 000	3 900 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Særskilde driftsutgifter, statlege mottak, vert redusert med ..... frå kr 1 748 627 000 til kr 1 669 715 000	78 912 000
	22	Særskilde driftsutgifter, tolk og omsetting, vert redusert med..... frå kr 56 015 000 til kr 52 015 000	4 000 000
	60	Tilskot til vertskommunar for statlege mottak for asylsøkjjarar og flyktningar, vert auka med..... frå kr 258 623 000 til kr 259 194 000	571 000
	70	Økonomiske ytingar til bebuarar i asylmottak, vert auka med ..... frå kr 508 800 000 til kr 518 240 000	9 440 000
	72	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, kan overførast, vert redusert med..... frå kr 134 661 000 til kr 118 561 000	16 100 000
	73	Vern av flyktningar utanfor Noreg mv., støttetiltak, kan nyttast under kap. 821 post 60, vert auka med..... frå kr 6 741 000 til kr 10 341 000	3 600 000
491		Utlendingsnemnda	
	21	Særskilde driftsutgifter, nemndbehandling, vert redusert med ..... frå kr 13 926 000 til kr 11 926 000	2 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3410		Rettsgebyr	
	01	Rettsgebyr, vert redusert med ..... frå kr 184 339 000 til kr 160 339 000	24 000 000
3413		Jordskiftedomstolane	
	01	Saks- og gebyrinntekter, vert auka med ..... frå kr 14 668 000 til kr 20 668 000	6 000 000
	02	Sideutgifter, vert auka med ..... frå kr 10 064 000 til kr 13 064 000	3 000 000
3430		Sentralforvaltninga for kriminalomsorga	
	03	Andre inntekter, vert auka med ..... frå kr 15 159 000 til kr 17 159 000	2 000 000
	04	Tilskot, vert auka med ..... frå kr 2 068 000 til kr 2 668 000	600 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
3440		Politidirektoratet - politi- og lensmannsetaten	
	03	Salsinntekter, vert auka med..... frå kr 88 373 000 til kr 106 973 000	18 600 000
	04	Gebyr – vaktelskap, vert redusert med ..... frå kr 11 207 000 til kr 2 007 000	9 200 000
	06	Gebyr – utlendingssaker, vert redusert med ..... frå kr 135 710 000 til kr 132 110 000	3 600 000
3442		Politihøgskulen	
	03	Inntekter frå Justissektorens kurs- og øvingscenter, vert auka med..... frå kr 16 000 000 til kr 21 000 000	5 000 000
3456		Direktoratet for naudkommunikasjon	
	01	Brukerbetaling, vert redusert med ..... frå kr 79 009 000 til kr 75 946 000	3 063 000
	02	Variable refusjonar, vert redusert med ..... frå kr 55 200 000 til kr 55 017 000	183 000
3470		Fri rettshjelp	
	01	Tilkjende saksomkostningar m.m., vert redusert med ..... frå kr 5 450 000 til kr 3 450 000	2 000 000
3473		Statens sivilrettsforvaltning	
	01	Diverse inntekter, vert auka med ..... frå kr 5 000 til kr 205 000	200 000
3474		Konfliktråd	
	02	Refusjonar, vert redusert med ..... frå kr 2 406 000 til kr 306 000	2 100 000
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Retur av asylsøkjjarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter, vert redusert med ..... frå kr 122 136 000 til kr 106 036 000	16 100 000
	04	Statlege mottak, ODA-godkjende utgifter, vert auka med ..... frå kr 913 515 000 til kr 1 052 335 000	138 820 000
	06	Gjenbusetting av flyktningar – støttetiltak, ODA-godkjende utgifter, vert auka med ..... frå kr 6 741 000 til kr 10 341 000	3 600 000



*Fullmakter til å pådra staten forpliktinger utover gitte løyvingar*

## II

## Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2013 kan bestille varer utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Formål	Samla ramme
441		Oslo politidistrikt	
	01	Driftsutgifter	25 mill. kroner

---

---





